

FORSKJELL

I det vi går inn i tematikken «Forskjell» er det på mange måtar eit radikalt perspektivskifte som må på plass. Fyrst og fremst er denne tenkinga eit filosofihistorisk viktig moment fordi vi finn eit skilje i mellom anna 70-års post-strukturalistiske, feministiske, post-kolonialistiske og diskursteoretiske filosofi der forskjell, det som er annleis og framand, for fullt vert gjort til tema for ein teoretisk analyse. Det tyder likevel ikkje at forskjell ikkje har vorte tematisert før, til dømes ved Fichtes artikulering av Kants Ding-an-Sich som eit «ikkje-meg», ved Rousseaus diskusjon av ulikskapen mellom menneska eller gjennom skilnaden mellom samfunnsklassane i den platoniske staten. Det er likevel ikkje til å kome unna at den forskjellen som vert gjort eksplisitt etter 2. verdskrigen ber med seg ein annan måte tenkje på. Det er noko av grunnen til at fleire av desse teoretikarane har hamna under paraplyen «forskjellstenkjarar».

Vi kan i alle høve ikkje tru at tematiseringa av forskjell, anten det er eit klassisk eller moderne ordskifte, er utdatert eller gamaldags. Det ligg i sakas natur at forskjell er det som truer, utfordrar, splittar, pressar, åtek og set på spel det som er det same, det vi veit, det sjølsagte og det nære. Det kan knytte seg opp til det naturvitskapen ikkje er i stand til å forklare eller som ikkje passar inn i konvensjonelle teoriar, og det kan vere snakk om det vi kvardagen treff på som framand. Viktigast av alt er likevel det som er så ulikt at den etablerte kunnskapen ikkje klarer å hente det inn og gripe det – det som alltid vil føre oss inn på ein ny sti.

I dette nummeret av *Filosofisk supplement* er dette berre noko av dei tinga forfattarane set søkjelys på, og vi har famna breitt med tematikken vår. I artikkelen til Ingrid Grønli Åm og Eirik Høyer Leivestad, «Deleuze og forskjel-

lens kreativitet», får vi eit innblikk i korleis ein av dei store forskjells-tenkjarane, Gilles Deleuze, set tenkinga på hovudet og korleis han freistar å setje fram det vanskelege og obskure som filosofiens oppgåve.

Vidare vil lesarane finne at Espen Stabell set Differensskriftet til Hegel under lupa. Vi skal sjå at Hegels omgrep om det Absolutte spring ut av eit forsvar for fornuften mot den transcendentale idealismens forstand, oppsummert i artikkelen «Forstandens kamp mot fornuften».

Andreas Fjellstad trekk merksemda vår bort frå det kontinentale, og gjev oss eit argument som skal vise at kontradiksjonsprinsippet er eit naudsynt moment ved mennesket som språkbrukarar for at vi i det heile skal kunne skilje mellom meining og meningsløyse. Ei lesing av Aristoteles' artikulering av prinsippet kjem til uttrykk i artikkelen «Kontradiksjonsprinsippet og kommunikasjon».

Halvor Kvandal freistar i «Individet og det radikalt annet» å påvise strukturelle likskapar mellom omgrepet om det andre som kjem til syne hos Levinas og Kierkegaard, medan eit blikk på oppdelinga mellom det mannlege og det kvinnlege hos Platon vert sette under drøfting i Hege Dypedokk Johnsens artikkel om kjønnsløysa i *Staten*.

I tillegg kan tørste lesarar få påfyll gjennom bokmelding og utdrag frå Den Leksikryptiske Encyklopedi.

God lesing!

Hege Dypedokk Johnsen &
Jon Furholt,
redaktører